

[Meld deg som frivillig](#)

24.02.2012



Mange er allereie med på festivallaget, men det er trong for fleire (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arbeidet med å rekruttera frivillige til Festidalen tek til i desse dagar
Leiargruppa er på nytt samla til møte i kveld.
Bookinggruppa har alt kunngjort dei fyreste banda.**

Ni sentale personar utgjer arbeidsgruppa og ansvaret gjeld vakthald, ro og orden, skilting, parkering, publikumsflyt ut og inn av området, transport heim etter arrangementet, brannsikring og ikkje minst kontakten med politiet og Røde Kors.

Vi er svært takksame om du melder deg som frivillig.
Du vert kalla inn til møte i god tid og arbeidsgruppa skal sjå til at du vert tildelt ei oppgåve slik du ynskjer.

Som takk for at du vil vera vakt på Festidalen får du t-skjorte, gratisbillett til ein av dagane og du vert invitert til Frivilligfest.

Dersom du synst dette kan vera noko for deg, melder du deg til ein av desse:

Frivilligkoordinator Lars Kvamme: lkvamme@yahoo.com
Vaktsjef Jostein Grov: jostein.grov@knett.no
Kristian Olav Bringedal: kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Festivalleiinga